

A þ mady stend; man ni; þe sinu. iii
A þ mady kennur adrum stuld. v
A m rath; sak. vi
A þ mady þinn þe sac þuop stote. vii
A m mar stema þ; þu. viii
A þ mady stetr valldius gardum. ix



A m hvin; sku. x
A m hof; tak. xi
A þ ver þu m þ; m; þuudi þara. xii
A m tþl; þar eida. xiii
A m fetar eida. xiv
A m h; ritar eida. 7 ranga eida. xv

Þ he; r; þuop; þa þalk; 7 þ; þ; mady stett; þu þu ligg;.

At er ni þu nocst. at var skal engi amdan stela. þu er þo grena da er þa mady stetr mar er eigi þar ser þinnu til þosts. þ helpr sua þu sinu þ; þung; sakur. þa er þa stuld; þ; eugau minn reþfingar vdi. En þa mady er vinnu þ; er ser til þosts. 7 stetr til oþris 7 var ekki að; at sluku hend; þa skal han a þung þora 7 loþi hud sina. iij. ayokum s. þu stel han amnar sinne til oþris loþi hud sina. vi. ay. s. En er han loþir eigi lan hudina 7 se þugdir laktli a kin þin. Stele han þridia sin til oþris late hudina. en kung; taki af þe hans. vi. ay. s. er tile. En er þu same stel optar þa er han drep; En er mady stetr til h; ay. ve; gumar þa e ekki var at sluku hend; þ; þa skal han a þung þora 7 loþi hann sik. viij. errogum 7 xij. moxku s. viij. kung; eða þa re vrelxi. En er han stel optar þa er han drep;. En er þuopt stetr til ay. ve; gumar i þresta þragde þa he; r; han þir; gæc þe sinu allu vid kung; 7 þa; sluka reþfing; sem þa mady legg; a þ; er kungs valld; he; r; i herði til retra reþfinga 7 hall; þo þ; þin. En þe er þu same stetr optare þa he; r; han þir; gæc þe 7 þridi þin

62

Kong Magnus VI Lagabøter og hospitalet i Stavanger

- BAKGRUNNEN FOR UTSTILLINGA MISERABILIS PERSONAE I KJELLAREN PÅ ST. PETRI KIRKE

Jørn Øyrehagen Sunde

Kong Magnus VI Lagabøter og Stavanger¹

Alt i folkevandringstid har det vore busetnad ved Vågen i det som i dag er Stavanger sentrum. Det er likevel med etableringa av Stavanger bispestol om lag 1120 at byen for alvor veks og vert ein travel handelsstad.² For til bispesetet kom inntektene frå kyrkjegodset, frå tiendebetaling og frå betaling av ulike bøter i heile bispedømet. Desse betalingane vart gjerne gjort i naturalia. Dei varene som ikkje skulle brukast ved sjølve bispesetet, skulle omsetjast for å gje inntekter. Samstundes fordra drifta av bispesetet bygginga av alt frå driftsbygningar til signalbygg som viste kva posisjon og makt biskopen i Stavanger hadde. Dette trakk til seg bygningsarbeidarar og andre frå både inn- og utland, som igjen skapte ein marknad for ulike tenesteytingar. Slik vart bispesetet ein drivande kraft i framveksten av Stavanger.


På ein slik bakgrunn forstår ein at biskopen i Stavanger var ein viktig mann i byen. Biskop Torgils, som var biskop mellom 1255 og 1276, var nok ikkje noko unnatak. Men biskopen var òg viktig fordi han må ha hatt nære band til kong Håkon IV Håkonsson, konge i Noreg mellom 1217 og 1263. I Håkons Håkonssonssaga ser vi at under krigsferda til Skottland i 1263, førte stavangerbispen eit skip.³ Då kongen i desember 1263 vart sjuk under opphaldet i Kirkwall på Orknøyane og fekk den siste olje, var biskop Torgils ein av tre biskopar og ein abbed som førebudde kongen på reisa over til den andre sida. Men då kongen trakk sitt siste sukk, var det bare biskop Torgils, lendmann Brynjulf Jonsson og to andre, som var av så låg byrd at dei ikkje vart namngjevne, som var til stades.⁴

Dette er ei side fra Codex Hardenbergianus, eit manuskript av Landslova fra ca. 1350, og det einaste som er rikt illustrert. Det viser Gud og korleis de to sverda som biskop og konge skal styra verden med, springer ut av Gud selv. Dette er en billedgjørelse av tosverdslæra til kirkefaren Augustin av Hippo og hans verk «De civitate Dei – Gudsstaten» fra 400-tallet. *Codex Hardenbergianus, Det Kongelige Bibliotek i København.*

Illustrasjonen på motstående side viser hvordan Stavanger kan ha sett ut på 1300-tallet.
 Illustrert av Elisabeth Tønnessen og Ståle Ådland

Det at biskop Torgils må ha stått kongen nær, forklarar truleg kvifor kong Magnus VI Håkonsson fekk det ein kan kalla opplæring i statskunst i Ryfylke len. I utgangspunktet var Magnus ikkje eldste son og dermed arving til trona. For det fyrste hadde Håkon IV to barn utanfor ekteskap med Kanga Unge. No var det bare ektefødde barn som hadde arverett til trona etter tronføljelova til Magnus Erlingsson frå midten av 1100-talet. Samstundes var Håkon IV sjølv fødd utanfor ekteskap i 1204. Far hans, Håkon III Sverresson, døydde til og med før han sjølv vart fødd, slik at han ikkje formelt var knesett og slik anerkjent av far sin som hans barn. Dette er bakgrunnen for at mor hans, Inga frå Varteig, måtte underleggjast gudsdom og bar glødande jarn i både 1218 og 1220 slik at spørsmålet om slektskap kunne avgjerast av Gud sjølv. Men verken sonen Sigurd eller dotter Cecilia, som Håkon IV hadde med Kanga Unge, kom til å spela noko politisk rolle. Det næraste var at Cecilia i sitt andre ekteskap var gift med kongen av Isle of Man, som var ein del av det norske riket. I ekteskapet med Margrete Skulsdatter fekk Håkon IV barna Olav, Håkon, Kristin og Magnus. Dottera Kristin hadde ikkje nokon arverett til trona som kvinne. Ho vart i 1258 gift med prins Felipe av Castilla, men døydde alt i 1262. Olav Håkonsson vart fødd året etter at foreldra vart gift i 1225, men må ha døydd ganske raskt. Håkon Ung Håkonsson, fødd i 1232, var dermed næraste arving til trona. Han vart krona som medkonge saman med faren bare 8 år gamal i 1240. Dette var ein måte å skapa klarleik i arverekkefølga for å unngå alle dei stridar som hadde vore årsak til borgarkrigane frå 1130 til 1217. Håkon Ung var ikkje bare konge i namnet, men deltok meir og meir i styringa av riket fram til han i 1257 vart sjuk og døydde. Dermed var det altså Magnus, den yngste av seks eller fire barna – alt eller korleis ein reknar – som vart tatt til konge saman med faren.⁵

Den unge kong Magnus VI fungerte som lendmann i Ryfylke, som er det området som seinare vart kalla Stavanger len. Slik fekk han erfaring med statsstyring. Det kan ha vore mange grunnar til at den unge kongen fekk si statsstyringsopplæring i denne delen av Noreg. Ein er nok at det var eit område som låg i passeleg avstand frå Bergen, der kongen ofte hadde sete. Samstundes kan biskop Torgils ha vore ein annan grunn. Som vi har sett, stod biskopen Håkon IV så nær at han var ein av to namngjevne personar som var til stades då kongen døydde i 1263.⁶ Som fungerande lendmann i Ryfylke len plasserte Håkon IV den unge kongen i nærleiken av ein person han kanskje sjølv stolte på som rådgjevar. Magnus VI hadde setet sitt i den gamle kongsgarden Utstein, men ein må rekna med at han òg opphaldt seg i Stavanger.⁷





Nisje i koret i Stavanger domkirke med kongehode over.
Hodet skal framstille Magnus Lagabøter.
Foto: Håkon Johannessen/Stavanger byarkiv

Magnus skal i følgje ei skotsk krønike i oppveksten ha vore ein ivrig tilhøyrar til undervisninga til fransiskanarane i Bergen.⁸ Det er fyrst i 1263, som er siste året Magnus VI opphaldt seg i Stavanger før han tok over kongetrona og hadde Bergen som sitt hovudsete, at ein får høyra om ein magister Anders ved bispesetet som kan ha vore lærar ved katedralskulen.⁹ Men det kan skuldast kjeldesituasjonen, og katedralskulen i byen kan godt vera eldre. Under eit kvart omstende representerte biskop Torgils sjølv lærdom og tankekraft. Truleg fann den lærdsomssøkjande og teologisk interesserte kongen miljøet rundt biskop Torgils og domkyrkja i Stavanger spanande.

Det er lite ein kan vita sikkert når det gjeld kong Magnus VI Lagabøter sitt tilhøve til biskop Torgils og Stavanger, akkurat som det generelt er lite ein veit sikkert om kongen sitt liv og virke. Årsaka er at hans saga for det meste har gått tapt. Så sjølv om alt låg til rette for at Magnus VIs saga skulle byggja på solid dokumentasjon og vera rik på opplysningar – den vart skriven av den islandske Sturla Tordsson, som òg skreiv Håkon IV Håkonssons saga, og påbyrja alt medan Magnus VI Lagabøter sjølv var i live – så er situasjonen at vi veit mindre om denne kongen enn mange andre kongar. Men bystet av kongen i koret i Domkyrkja indikerer at han haldt fram med å ha eit nært tilhøve til Stavanger etter 1263. Byen brann i 1272, domkyrkja vart alvorleg skadd, og koret brann ned. Truleg bidrog Magnus VI til oppbygginga av domkyrkja, og som ei takk for hjelpa vart det sett opp eit byste av kongen i koret. Dette er i dag det einaste biletgjeringa av Magnus VI Lagabøter som ein har bevart.

Det er ein from og mild konge som kikkar ned frå søndre veggen i koret på domkyrkja i Stavanger. På den eine sida er bystet laga etter det som var mote i Europa i høgmedalderen. På den andre sida gjev kjeldene same inntrykket. Han er den einaste kongen i norsk mellomalderhistorie som aldri var i krig. Sjølv om han må ha vore usamd med erkebiskop Jon Raude om grensa for kongen og erkebiskopen si makt, så ber kjeldene likevel vitnebyrd om eit utstrakt samarbeid og gode relasjonar. Men ikkje minst omsorga for dei svakaste i samfunnet indikerer at Magnus VI Lagabøter var ein mild for from mann.

Hospitalet i Stavanger og kongen si omsorg for dei fattige

Oppbygginga av domkyrkja etter bybrannen i 1272 var ikkje det einaste samarbeidsprosjeket som Magnus VI Lagabøter og biskop Torgils truleg har hatt saman. For i eit udatert brev skriv Biskop Torgils:

Torgils, med Guds miskunn biskop i Stavanger, sender Guds og si helsing til alle Guds og sine vener, lærde og ulærde, noverande og komande, alle dei som ser eller høyrer dette brevet. Og vi vil kunngjere for alt folket at i det femtande året i vår embetstid synte vi fram for vår herre kong Magnus og korsbrørne våre planen vår, som no fleire kan sjå, at vi ville opprette nokre hospital aust ved Peterskyrkja, der kyrkja åtte jordstykke. Der skal ein leggje inn dei fattige som blei sjuke i byen, for at dei der kan bli friske eller døy, heller enn at dei blei førte gardimellom sjuke, såra eller nesten døde, slik det var gjort før. Vi skulle også la byggje så mange hus som den presten som sat der, kunne vere hjelpt med, saman med dei som var i hans teneste. Og vår herre kong Magnus gav då til dei same husa Peterskyrkja, odelskyrkja si, slik som brevet hans stadfester.¹⁰

Alt under Håkon IV hadde ein laga ei ordning for å ta vare på dei fattige. Det var to grunnar til at ein i det norske riket stod ovanfor eit fattigdomsproblem på 1200-talet. For det fyrste vart trælhaldet oppløyst i løpet av 1100-talet.¹¹ Dermed var det ei stor gruppe menneske som i utgangspunktet var utan jord og utan kapital som skulle klara seg sjølv. Deira manglande rettar i høve til tidlegare eigar vart i Den eldre Gulatingslova uttrykt i éin av to reglar om gravgangsmenn. Her heiter det at dersom ein frigjeven træl har stifta familie, og familien svelt, har dei ingen rett på hjelp av trælen sin tidlegare herre. Går dei likevel til han og bed om mat, skal han grava ei grav på kyrkjegarden, kasta heile familien ned, og den som overlever lengst har den tidlegare herren plikt til å fø.¹² Med andre ord var det behov for nye strukturar som gjorde at denne nye gruppa av fattige kunne få hjelp. For det andre gjekk ættesamfunnet i oppløysing om lag samstundes som trælehaldet tok slutt. Dette ser vi av Frostatingslova, der ein opnar delen med botebetalingsreglane med å seia:



På hospitalet som Magnus Lagabøte gav til Stavanger ble mange syke og fattige tatt vare på. Her er ein kunstnerisk framstilling av korleis det kan ha vært.
Tegning: Ståle Ådland/MUST-Norsk Barnemuseum

Her byrjar fråsegna om det som for dei fleste er mørkt, men som mange likevel vil trenga å vita, for fiendskapen veks mann og mann imellom, og dei minskar i tal som både hadde vit og god vilje i spørsmål om korleis bøter skulle fastsetjast om dei vart i dømde.¹³

Reglane for botebetaling var bare ein del av samfunnsstrukturen og –aktivitetane som ættestrukturane hadde vore grunnleggjande for. Ein annan del var fattigomsorga. Kvar ætt tok vare på sine egne, og når ætta ikkje lenger fylte denne oppgåva, måtte det lagast strukturar slik at dei fattige ikkje vart overlate til seg sjølv. Ordninga som Håkon IV innførte gjekk ut på at alle i eit bygdslag skulle ha dei fattige buande hos seg i ein periode før dei vart flytta vidare. Vi finn ordninga referert til i det som er kalla Håkon Håkonssons nye lov. Den lova stammer frå om lag 1260, men er ei samling reglar som i alle høve skriv seg tilbake til om lag 1240, og kanskje enno eldre. I Magnus VI Lagabøter si Landslova frå 1274 vart denne fattigflyttingsordninga vidareutvikla til slik vi møter den i 1260.¹⁴ Grunnstrukturen for fattigflyttinga ser ut til å ha vore bodstikkeruta, slik at fattige vart flytta etter same mønster som ein transporterte bodstikka. Den ordninga vart seinare kjent som legdsordninga, stod ved lag like til byrjinga av 1900-talet, og var altså i nesten 700 år kjernen i norsk fattigomsorg.



St. Petri kyrkje.
Foto: Mathies Erlandsen/MUST



Frå utstillinga Miserabilis Personae i kjellaren på St. Petri kyrkje.
Foto: Mathies Erlandsen/MUST

Brevet som biskop Torgils skreiv om opprettinga av hospitalet til Peterskyrkja i Stavanger, viser til fattigflyttingsordninga. Her heiter det at på hospitalet skal «ein leggje inn dei fattige som blei sjuke i byen, for at dei der

Utstein kloster slik det ser ut i dag.
Foto: Mathies Erlandsen/MUST



for å vidareutvikla den samla fattigomsorga i Stavanger med å oppretta eit hospital ved Peterskyrkja.

Det er mogleg at det òg fanst eit hospital på Utstein kloster. Det må ha vore Magnus VI Lagabøter som gav den gamle kongsgarden for å oppretta eit augustinarkloster til ære for St. Laurentius. Augustinarmunkane hadde alt eit St. Olavs kloster inne i Stavanger, og eit på Halsnøy lenger nord i Sunnhordland. På Halsnøy kloster var det eit hospital som ein del av klosterkomplekset. Bygningsarkivar ved Museum Stavanger, Mathies Ekelund Erlandsen, har argumentert for at skipet i kyrkja på Utstein opphavelg kan ha gjort teneste nettopp som hospital.

I Bergen oppretta kongen òg hospital. I eit brev frå 1276 heiter det at han i samarbeid med biskop Askatin, og etter råd frå abbed Eirik i Munkeliv kloster, har oppretta to hospital i Vågsbotn i byen. Det eine låg til Alle helgens kyrkja og hadde senger til 30 menn. Det andre låg til St. Katharina kyrkja, og hadde senger til 20 kvinner.¹⁵

I sitt testament frå 1277 tilgodesåg han St. Stephan hospitalet i Tønsberg. I det heile delte kongen i testamentet ut midlar til dei fattige i heile fastlandsriket sitt, samt til kyrkjer, kloster og hospital.¹⁶ Dette var på ingen måte ei sjølvsgagt handling. Far hans, kong Håkon IV, gav i sitt testament gåver til dei ein kan kalla hans nære medarbeidarar.¹⁷ Testamentet vart dermed eit framhald av hans store statsbyggjande virke. Magnus VI Lagabøter sitt testament var eit framhald av hans virke for dei svakaste i samfunnet.

Landslova av 1274 og dei fattige

Ein av dei faktorane som gjorde det viktig med ei Landslov som kunne erstatta dei gamle landskapslovene for Gulating, Frostating, Borgarting og Eidsivating, var bortfallet av trælehaldet og samanbrotet av ættesamfunnet, og det fattigdomsproblem det må ha vore årsak til. Som vi har sett, vart fattigflyttingsordninga utvida i Landslova i høve til slik vi kjenner den frå om lag 1260. Eit anna særskilt tiltak i Landslova, var innføringa av ei allmisseplicht. Det var truleg lett for at dei fattige la ut på landevegen for å sjå etter lausarbeid av ulikt slag. På sine vandringar kom dei over alt frå sauver og kyr på beite, til laukgardar og eplehagar. Var svolten stor nok, må det ha vore freistande å stela litt av den maten som var så nær. I Frostatingslova heiter det at «Om ein mann legg seg under andre folks kyr og drikk, då er han rettslaus», og «om ein mann gjeng i annan manns laukgard eller kvanngard, då er han rettslaus, jamvel om menn slår og dengjer han og tek frå han alt han har.»¹⁸ Ein alternativ straffemøte for småtjuvar var torving. I Frostatingslova heiter det:

*Men om ein mann stel mindre enn ein ertog, då er han torv- og tjøremann: Folk skal stilla seg opp og gjera geilar for han, og kvar som vil, kan kasta torv og slikt på han, og så får han komma seg vekk som best han kan, og er etter det rettslaus etter lova.*¹⁹

Torvingsregelen i Frostatingslova var ikkje vidareført i Landslova. Men regelen om at ein kunne pryla småtjuvar vart derimot delvis vidareført. Etter Landslova var ordninga slik at ein primært skulle betala bot for slike småtjuveri, men måtte akseptera ein omgang juling om ein ikkje hadde noko å betala med.²⁰ Den store endringa var likevel at no gjaldt regelen bare for dei som kunne ta seg arbeid for å fø seg sjølv. For etter Landslova var det ikkje tjuveri om den som stal ikkje kunne få seg arbeid, og stal mat for å berga



Frostatingsseglet viser Kong Magnus Lagabøter som gjev Landslova til lagmannen på Frostating. Det skjer på Botolvsmesse (det var på Gulating at lagtinget møtte til Jonssok).

livet. På dette viset fekk Magnus VI Lagabøter indirekte innført ein almisserett. For dersom ein ikkje gav ein svolten stakkar mat, kunne vedkomande rett og slett ta det han trengte.

Men Landslova var altså streng med den arbeidsføre som stal. Dette er eksplisitt eit tema i ein regel der det heiter at dersom vaksne menn som går husimellom og tiggjar, har dei ikkje noko vern mot å få ein omgang juling når dei vert jaga bort. Men dersom tiggaren tilbyr seg å arbeida for maten, utan å få arbeid, kan han ikkje jagast bort, og underforstått sjølv ta det han treng for å berga seg frå svolten.²¹ Like viktig er det at barn og kvinner er unnateke frå denne regelen, som vil seia at dei alltid hadde rett til almisser.

Magnus VI Lagabøter si omsorg for dei svakaste i samfunnet strekte seg lenger enn til bare å sikra dei ein almisserett. Han laga òg reglar i Landslova som skulle sikra at dei kunne byggja seg opp og sjølve verta bidragstytarar til fellesskapen. Til dømes innførte Landslova eigne reglar om gjeldsbetaling for dei eigedomslause, slik at dei ved hjelp av kredittopptak kunne prøva å byggja seg sjølv opp økonomisk. Etter Den eldre Gulatingslova vart den gjeldsslave som ikkje kunne betala gjelda si.²² Dermed vart kredittopptak særers risikofylt. Regelen om gjeldsslaveri vart likevel vidareført i Landslova. Men som med småtjuveri er unnataka viktigare enn sjølve hovudregelen. For det fyrste kunne ein ikkje krevja inn gjeld frå ein eigedomslaus dersom manglande betalingsevne skuldast uhell som vedkomande ikkje kunne verna seg mot, som til dømes brann eller skipsforlis. Då vart tilbakebetalinga av gjelda ståande på vent til skuldnaren kom seg økonomisk på foten igjen. For det andre kunne ein ikkje gjera noko til gjeldsslave dersom vedkomande ikkje var arbeidsfør. Og for det tredje kunne sjølv dei arbeidsføre røma frå gjeldsslaveriet om det var gode grunnar til det. Ein slik grunn ville vera å forsørgja eigen familie.²³ Dette gjorde kredittopptak for fattige mogeleg og attraktivt, og vart slik eit instrument for å løfta dei ut av fattigdom. Men enno meir praktisk og viktig enn å ta opp lån, var det nok for mange fattige å kunna leiga seg ei ku som ein del av det å starta opp med jordbruk på ein rydningsplass. I Landslova har ein difor ein eigen regel om kuleige for fattige. Den som leiger ei ku har ansvaret for kua, og dersom den døyrr som følgje av sjukdom, lynnedslag eller anna, så skal leigaren betala kua sin verdi til eigaren. Men ein fattig får derimot tre år på seg til å betala erstatning for kua.¹⁹

Det er ingen dumsnill kong Magnus VI Lagabøter ein møter i Landslova. Ingen har rett til å vera skøytelaus med andre sin eigedom eller å driva dank. I staden er det ein konge som reformerer lova mellom anna for å gje alle ein sjanse, og for å gje alle ein fundamental rett til liv. Det var på ingen måte tilfeldig at slike reglar kom inn i Landslova. For Magnus VI Lagabøter utbygde òg fattigflyttingsordninga i høve til slik vi kjenner den frå om lag 1260, og han gav både medan han levde og i sitt testament gåver for å oppretta hospital og direkte til dei fattige. Det er mykje mogeleg at synet hans på dei fattige vart forma alt i oppveksten då han søkte lærdom hos fransiskanarmunkane i Bergen. Dei levde sine liv med Frans av Assisi som førebilete, og vart gjerne kalla gråbrødre, småbrødre eller tiggarmunkar fordi dei ikkje hadde eigedom men tigga til livets opphald. Då Magnus VI Lagabøter døydde i 1280, fekk fransiskanarane i Bergen sin stor sum til oppbygginga av klosterkyrkja deira som brann i 1270. Det var i den kyrkja, som i dag er ein del av domkyrkja i Bergen, at kongen ønskte å verta gravlagd. Slik gjekk han til kvile mellom dei eigedomsause han hadde arbeidd for å styrka gjennom sitt virke som konge. Eit virke som hadde styrka heile det norske riket.

Litteratur

- Diplomatarium Norvegicum*, bind 4 (christiania, Mallings Forlagshandel) 1858.
Diplomatarium Norvegicum, bind 10 (christiania, Mallings Forlagshandel) 1880.
Diplomatarium Norvegicum, bind 2 (christiania, Mallings Forlagshandel) 1851-52.
 Hagland, Han Ragnar og Sandnes, Jørn (red.). *Frostatingslova* (Samlaget, Oslo) 1994.
 Haug, Eldbjørg. «Klosteret på Utstein», *Utstein kloster – og klosterøyas historie*, red. Elbjørg Haug (Stiftelsen Utstein kloster, Klosterøy) 2005.
 Helle, Knut. *Gulatinget og Gulatingslova* (Skald, Leikanger) 2000.
 Helle, Knut. «Håkon 4 Håkonsson», *Norsk biografisk leksikon*;
https://nbl.sn.no/H%C3%A5kon_4_H%C3%A5konsson
 Helle, Knut. «Magnus 6 Håkonsson Lagabøte», *Norsk biografisk leksikon*;
https://nbl.sn.no/Magnus_6_H%C3%A5konsson_Lagab%C3%B8te
 Holtsmark, Anne (red. *Håkon Håkonssons saga*, (Aschehoug, Oslo) 1964.

Kjelder

- [1] Artikkelen er skriven som ei hjarteleg takk til Astrid Lærdal Frøseth. Det var ho som hadde ideen til ei utstilling om Landslova og dei svakaste i samfunnet i kjellaren på St. Petri kyrkje i Stavanger. Og med utrøttelege vilje og pågangsmot arbeidde ho for å få utstillinga til, og så for å visa den fram til flest moglege. Ei stor takk òg til Hege Stormark, Mette Tveit og Ståle Ådland ved Norsk barnemuseum, og til MUST generelt, for deira kreative evner, humør og formidlingsvilje og –evne, som samla gjorde utstillinga så god og flott som den vart.
 [2] Sjå http://niku.no/no/arkeologi/utgravninger_og_funnn/stavanger_sentrum/Nye+og+spennende+funn+i+Stavanger+sentrum.9UFRzQ30.ips (01.03.2017).
 [3] *Håkon Håkonssons saga* side 299
 [4] *Håkon Håkonssons saga* side 311-312.
 [5] Sjå Knut Helle, «»Håkon 4 Håkonsson», *Norsk biografisk leksikon*;
https://nbl.sn.no/H%C3%A5kon_4_H%C3%A5konsson (01.03.2017). Sjå òg https://no.wikipedia.org/wiki/H%C3%A5kon_H%C3%A5konsson (01.03.2017).
 [6] Sjå òg Haug, «Klosteret på Utstein» side 122.
 [7] Sjå Haug, «Klosteret på Utstein» side 106, og Knut Helle, «Magnus 6 Håkonsson Lagabøte», *Norsk biografisk leksikon*;
https://nbl.sn.no/Magnus_6_H%C3%A5konsson_Lagab%C3%B8te (01.03.2017).
 [8] Helle «Magnus 6 Håkonsson Lagabøte».
 [9] Haug, «Klosteret på Utstein» side 121.
 [10] *Diplomatarium Norvegicum*, bind 10 nr. 4; http://www.dokpro.uio.no/perl/middelalder/diplom_vise_tekst_2016.prl?b=8976&s=n&str= (01.03.2017). Diplomet er omsett av Magnus Rindal.
 [11] Helle, *Gulatinget og Gulatingslova* side ?.
 [12] Den eldre Gulatingslova IV-7 (kap. 63). Den andre regelen om gravgangsmenn finn ein i XIII-4 (kap. 298).
 [13] *Frostatingslova* side 98 (VI-1).
 [14] Landslova VII-53, 54, 55, 56 og 57.
 [15] *Diplomatarium Norvegicum*, bind 2 (christiania, Mallilings Forlagshandel) 1851-52, nr. 16a;
http://www.dokpro.uio.no/perl/middelalder/diplom_vise_tekst_2016.prl?b=1139&s=n&str= (01.03.2017). Sjå òg Bergens byleksikon;
<http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1424446> og <http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1424446> (01.03.2017).
 [16] *Diplomatarium Norvegicum*, bind 4 (christiania, Mallilings Forlagshandel) 1858, nr. 3;
http://www.dokpro.uio.no/perl/middelalder/diplom_vise_tekst_2016.prl?b=3472&s=n&str= (01.03.2017).
 [17] *S Håkon Håkonssons saga* side 310.
 [18] *Forstatingslova* side 209 (XIV-13 og 14).
 [19] *Forstatingslova* side 208-209 (XIV-12).
 [20] Landslova IX-9.
 [21] Landslova IV-29.
 [22] Den eldre Gulatingslova IV-15 (kap. 71).
 [23] Landslova VIII-5.
 [24] Landslova VIII-14.
 [25] Helle «Magnus 6 Håkonsson Lagabøte».

SUMMARY

Magnus, son of King Håkon IV, was born in 1238 and the youngest child. During his upbringing in Bergen, he attended the teaching of the Franciscans, known for their engagement for the poor. Magnus later ruled the realm together with his father from 1257, and was stationed in the Stavanger region. At this time he must have made the acquaintance with bishop Torgils. In 1263 Magnus VI became the sole king of Norway, but held on to his relations to Stavanger. In 1270 or 1271, bishop Torgils informs us, he donated properties to the St. Peters Church in Stavanger to establish a hospital for the poor and weary. He also established hospitals in Bergen, supported a hospital in Tønsberg, and in his will he made donations to the poor in his entire mainland kingdom. In his Code of the realm of 1274, he reformed the entire Norwegian law, and improved the system for taking care of the poor. When he died in 1280, he was buried in the Franciscans church in Bergen.